

redan i flera fall givit anledning till anordnande av modärna betesvallar. I den mån, som våra tillgångar tillåta, skola vi i lämpliga delar av landet söka få till stånd ännu flera dylika, ur demonstrationssynpunkt synnerligen viktiga mönsterbeten. Anordnandet av dylika är utan tvivel det lämpligaste sättet att för den stora allmänheten påvisa det säkerligen mest räntabla sätt, på vilket de nordiska ländernas törvmarker till gagn för ökad produktion skola kunna utnyttjas.

## LITTERATUR

### Hernfrid Witte: Potatisodling på torvjord.

(Vedlegg til Svenska Mosskulturöreningens tidskrift 1923, 26. s.)

I dette skriftet legg forf. fram resultater som er naadd ved dyrkning av poteter paa torvjord ved Mosskulturforeningens to forsøksstasjonar. *Flahult* og *Torestorp* (den siste er no nedlagt). Fyrst vert omtala potetdyrkingens utvikling i Sverige. Det areal som i 1870—80 vart nytta til potetar var 5,5% av heile aakervidda eller 1.502,400 dekar og produksjonen var 777 kg. pr. dekar for heile riket. I 1911—20 var 4,3 pct. av aakervidda nytta til poteter, eller heile arealet 1.541.900 dekar, riksmedeltalet pr. dekar var stege til 1128 kg.

Svenska Mosskulturforeningen tok i 1890 til aa prøve poteter paa sin forsøksgaard Flahult; og resultatene herifra har vore rett gode.

Ved Flahult er i aara 1913—1922 dyrka poteter baade paa sandjord og kvitmosejord. I gjennomsnitt for 9 aar har sorten *up to date* gjeve

paa sandjord 2150 kg. potetar pr. dekar

paa kvitmosejord 3140 « » » »

(Kvitmosejorda er sterkt sandkjørt).

I aara 1919—1922 har dei 5 beste sortarne — Harbinger, Sharpes Express, Midsommar, Non plus ultra og Makaløs i gjennomsnitt gjeve 3770 kg. potetar pr. dekar (470 kg. stivelse) som er eit svert godt resultat.

Paa Torestorp forsøksgaard er torvjorda «skogskårtrorv». Her er dreve gjødslingsforsøk til poteter i alle aar (1909—1918). Garden er mykje utsett for frost og avkastningen har vore mykje lægre enn paa Flahult. Ved ei gjødsling paa 30 kg. 37% kalisalt 30 kg. superfosfat + 30 kg. Chilesalpeter pr. dekar, var avlingen i gjennomsnitt for desse (10) 2140 kg. potetar (258 kg. stivelse) pr. dekar. Gode resultat kann og opvisas fra dei lokale forsøk med poteter.

Poteten har gjeve høgre avkastnad i forverde (forenheter) paa Flahult (kvitmose) enn andre vekster. For aara 1914—1921 stiller avkastnaden pr. dekar i gjennomsnitt seg slik for enkelte vekster:

Poteter (Up to date-knollar)	649 f. e. (5 kg. potetar 1. f. e.)
Nepor (Bortfelder-røter)	425 »
Havre (Guldregn- og halm og korn)	333 »
Eng til beite	200 »
Eng » høy	163 »

Masseavkostnaden kann bli høg paa kvitmosejord, derimot er stivelsepct. lægre enn paa sandjord. For 9 aar har stivelsepct. i potet fraa desse jordlag vore:

paa sandjord	13,4 %	(Up to date)
» kvitmosejord	12,6 %	— » —

Myrjordpotet synest aa vera meire holdbar enn fastmarkpotet. I god smak staar torvjordspoteten tilbake for fastmarkpotet og er difor ikkje saa godt skikka til menneskjeføde, men poteten er eit verdifullt dyrefor. Den verste hindring for at poteten skal lukkast paa torvjord er frosten og ettersomarfrosten synest og vera den verste.

Under «Potatisodlingens rationella utførande paa torvjord», vert omtala jordlag, grøftning, sand og leirkjøring, kalking, gjødsling, plass i vekstfylgja, setting og settetid, sortar, stell og optaking.

*Kvitmosejord*, ansees best til poteter. *Grunnvatsstandet* paa ikkje sanda jord skulde, etter tyske forsøk, vera paa 60—70 cm., paa sandkjøyd jord 90—100 cm. Eit heller høgt grunnvakstand skulde minska faaren for frost. *Sandkjøring* paa kvitmosejord til potet gjev høgre avkostnad enn ikkje sandkjøyd og minskar faaren for frost. *Kalking* til poteter har ikkje gjeve høgre avkastnad enn utan. Paa Flahult er poteten i eit 9 aarigt annlaup teke etter belgvekstgrønfor, med fylgjande gjødsling: 10—15 kg. 40 % kalisalt + 20 kg. superfosfat + 15 kg. svovelsurammoniak og 2000 kg. husdyrgjødsel pr. dekar, gjeve i god tid fyre setting av poteter og dessuten 15 kg. chilesalpeter som overgjødsling i slutten av juni md. For kvelstoffgjødsling til poteter gjev kvitmosejorden store utslag. Den kvelstoffrike torvjorden ved Torestorp har gjeve gode utslag for kvelstoffgjødsling ogso i form husdyrgjødsel. Eit 9 aarigt gjødslingsforsøk ved *Torestorp* (1909—1918) viser:

Gjødsling pr. dekar:	Avl. i kgr. knollar	Relativtal:
30 kg. 37 % kalisalt + 30 kg. superfosfat:		
	1500	100
30 » — » + 30 » — »		
+ 30 kg. chilesalpeter	2140	142
30 » 37 % kalisalt + 30 kg. superfosfat + 1200 kg. husdyrgj.	2570	173

*Alsidiq og nok gjødsel til potet paa torvjord gir beste avling og minskar faaren for frost.* Den beste tid for setting har vore dei fyrsta dagar av mai, ved ein jordtemp i 20 cm. djup av ca. 6° C. Rulling etter setting tilraadast, ikkje minst for aa minska frostfaaren. Tidlege sortar har gjeve største avkastnad: Harbinger, Midsommar, Sharpes Express og Makalos (medelsein). Myrjordpotet er best eigna til for, men kann og brukast til mat. Tørrstoffinnholdet kann ikkje reknast høgre enn til 19—20 % og etter dette gaar ca. 5 kg. myrjordpotet paa 1. f. e.

Sedpoteter fraa myrjord har i 9 aarigt forsøk paa Flahult ved aa dyrkast paa sandjord gjeve 16 % høgre avling enn sedpotet fraa sandjord har gjeve paa samme jord. Myrjordspotet har og ved dyrkning paa myrjord gjeve høgre avkastnad enn sandjordspotet paa myrjord.

### H. Witte: Forsøk med odling av bondebønor i potatisefelt på vitmossjord.

Svenska Mosskulturföreningens tidskrift 1923 s. 75—80.

I åraa 1919—1922 er ved Svenska Mosskulturföreningens forsøksgaard Flahult utført forsøk med aa dyrka bondbaunor saman med potetar etter fylgjande plan:

1. Potetor aaleine.
2. Bondbaunor i annankvar potetrad millom *annankvar potetplante*.
3. Bondbaunor i annankvar potetrad millom *klar potetplante*.

Potetorne er tekne etter grønfor i 9 aarig omlaup. Ved utrekning av avlingen i f. e. er bruka 4 kg. potet, 1 kg. bønor, 3,5 kg. baunehalm = 1. f. e.

Sum f. e. pr. dekar etter.

- |    |       |
|----|-------|
| 1. | 750   |
| 2. | 733   |
| 3. | 730.8 |

Resultatet av forsøket samanfattas i, at aa dyrka bondbaunor i potetfelt gjer at potetavlingen pr. dekar minkar, og at denne minkning vert større di meire baunor som vert innblanda eller de høgre avkastnaden av baunorne vert.

*H. Hagerup.*

### H. Witte: Over gjødsling av slåttervald på vitmossjord med chilesapeter.

Svenska Mosskulturföreningens tidskrift 1923 s. 33—38.

Paa forsøksgaarden Flahult er der i 1915—1920 (6 aar) utført forsøk med stigande mengder chilesalpeter til eng paa kvitmosejord. Enga attlagd i 1913 med havre som dekkvekst og fylgjande frøblanding pr. dekar: 0,5 kg. raudkløver, 0,25 kg. alsikekløver, 1,15 kg. timotei, 0,45 kg. engrævehale, 1,6 kg. engsvingel 0.2 kg. engrap, = 4,15 kg. 1 aars eng (1914) vart ikkje gjeve noko kvelstoffgjødsling. 2 dre aars eng chilesalpeter i fylgjande mengd: 0,10, 20, 30 og 40 kg. pr. dekar. Grunnngjødsling kvar haust — 50—60 kg. tomasfosfat og 30—40 kg. 37% kalisalt pr. dekar. 2 aars eng (1915) fekk 2000 kg. husdyrgjødsel pr. dekar.

Gjennomsnitlig avkastnad av høy pr. dekar:

Meir avl. med salp:

Utan kvelstoff	350 kg.	
10 kg. chilesalpeter	410 »	60 kg.
20 » —»—	490 »	140 »
30 » —»—	525 »	175 »
40 » —»—	570 »	220 »

20 kg. chilesalpeter har gjeve den procentvis høgste avling.

Gjødslingen med salpeter har lønt seg for alle mengder, men det beste økonomiske resultat har 20 kg. chilesalpeter gjeve. (Chilesalpeter set til k. 28 pr. 100 kg. og høyet til 6 øre pr. kg.) Salpetergjødslinga har sett ned det prosentiske innhald av kløver i enga men fremja timoteien.

*H. Hagerup.*

---

## NYT MEDLEM

Årsbetalende:

Stangemyrens Brenntorvselskap, Dokka.

---

## SKYLDIGE ÅRSPENGER

imøtesees indbetalt til

Det Norske Myrselskaps Hovedkontor,  
Rosenkrantzgt. 8,  
Kristiania.

---